

KYRKJEBLADET

64. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 1/2010

Andakt Side 3**Slekters gang** Side 15**Gudstenesteliste** Side 16**Fasteaksjonen 23. mars**

Side 4

Lys vaken i Dale kyrkje

Side 8

www.vaksdal.kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Bilete på framsida: Magne Solhaug

A propos påska: - Korset er en «reality check»

- Korset er en "reality check" for all vår tale om Gud og om livet, sa Olav Fykse Tveit i sin innsettelsespreken som generalsekretær i Kirkenes verdensråd den 23. februar. - Dette høres ikke veldig diplomatisk ut. Det høres ikke ut som en invitasjon til dialog. Det høres heller ikke særlig økumenisk ut, sa Fykse Tveit. Han pekte på at den konteksten Paulus refererer til, - splitnelsene i kirken i Korint, er ikke uten relevanse for kirken i dag.

- For å se at kirken er én, må vi gå til det grunnleggende: Ikke noe annet

enn Jesus Kristus og ham korsfestet. Det betyr ikke at vi ikke har annet å diskutere. Tvert imot, sa Olav Fykse Tveit. Han pekte på at Paulus tar for seg en rekke tema i sitt brev til korinterne, men understrekte hvilket perspektiv apostelen hadde for sin veiledning:

- Når korset er utgangspunktet vårt, kan ikke vår tale om Gud være luftige ord. Gjennom korset har Gud bundet seg til vår virkelighet, til alle aspekter ved vår virkelighet, sa Fykse Tveit. Han understrekte at det unike ved Kristi kors er at det er inkluderende: - Når Kristus strekker ut sine armer på korset, strekkes de ut til hele verden og omfavner alle (frå www.kyrkja.no)

Olav Fykse Tveit budde fire år på Dale då han var barn, medan faren Einar var prest her.

1. januar byrja han som Generalsekretær i Kirkenes verdensråd, og han held til i organisasjonen sitt sekretariat i Geneve.



Frå altertavla i Eidsland kapell.



KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 180,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjevevje i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik, 5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. mai 2010.



HEILT KONGE!!!

Påskeandakt v/Edvard Bø

”Så tok dei Jesus med seg. Han bar sjølv krossen sin og gjekk ut til den staden dei kallar Hovudskallen, på hebraisk Golgata. Der krossfeste dei han, og saman med han to andre, ein på kvar side, og Jesus midt imellom dei. Pilatus hadde skrive ei innskrift og sett på krossen. Der stod det: Jesus frå Nasaret, kongen over jødane.” Joh.19.17-19

Ein mann er krossfest. Han var skulda for å vere kongen åt jødane. Er det noko å gjere oppstyr av? Krossfesting var ikkje noko uvanleg på den tida hjå romarane. Det var slik dei straffa slavane sine.

Jødane kjem sjølve til Pilatus og bed han om å førestå ei henretting. Grunnen dei gjev er at han er ein oppviglar. Pilatus er ikkje lysten på å gjere dette, men når han til slutt går med på handlinga, gjer han eit scoop. Han heng teksta: ”Jesus frå Nasaret, kongen over Jødane” på tre språk. Pilatus visste at Jesus ikkje var konge, og at han var ein god fredsæl mann. Men nett difor, då han var så populær, var han farleg. For Pilatus var det slik at jødane no hadde overgjeve ”kongen sin” til romarane, til overmakten. Og romarane handsama Jesus lik ein slave. Lågare kunnne ikkje ein konge koma. Stillinga er 1-0 til romarane over jødane.

Men i himmelsk perspektiv ser det noko annleis ut. Jesus var komen ned frå himmelen. *”Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på navnet hans.”* Slik vi les i Johannes kapittel 1.11-12

Han var konge. Ein Konge som hadde makt å gjere menneske til Guds barn, søner og døtre til den himmelske Far. Det var ikkje med militær makt han kunne vinne over ondskapen. Hans veg til seier var den djupaste kjærleiken, kongen som sjølv vert som ein slave og dør. For slik kunne han skape seg eit nytt folk, og byrje mellom dei lågaste og fattigaste, dei som var slaver i verda, dei som var slavar for synda, for alkoholen, for pengane, for alt det som bind og knuger eit menneske i kne. Alle offer for verdas ondskap til alle tider, har i han fått seg ein konge som kjenner dei og elsker dei. Han gav seg sjølv som løsepenge for å kjøpe dei frie frå slavekåret. Ingen har falle så djupt livet sitt at ikkje Jesu kan kome ned og reisa dei opp att. Her ligg evangeliet, den glade bodskapen som påsken handler om. For det stoppa ikkje med krossen og grava. Var det berre krossen, då vart det inga kyrkje. Men no reiste Gud Fader han opp or grava tredje dagen. Han vedkjendest son sin, og det offer han gjorde. Han sette han til konge og hersker på himeltrona i all æve. No er himmelporten opna for alle som trur på namnet hans. Me skal vere for brør og systre av Herren Jesus sjølv å rekna. Himmelen er ikkje noko me kan gjere oss fortente til. Det er ei gåve, ein arv sett inn på konto. Me kan gled oss til me kjem heim, men allereide her kan me trekkje kortet på vår himmelske bankkonto i bøn og lovsong. Det er heilt konge, skulle eg tru!

**Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann
Og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!**

RIKTIG GOD PÅSKE!

Fasteaksjonen 23. mars:

Fattige i møte med ekstremvær

Tysdag 23. mars går konfirmantar, unge og vaksne frå Vaksdal, Dale, Stamnes og Eidsland med bøsse på dørene mellom kl 17 og 20.

Det er den årlege fasteaksjonen frå Kirkens Nødhjelp. Aksjon 2010 set søkjelyset på fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvær, noko som me har sett mykje av i verda siste tida. Me vonar alle tek godt imot dei som kjem på døra, og soleis veil hjelpa dei som er utsett. Er du ikkje heime, kan pengane og sendast direkte til Kirkens Nødhjelp. (Sjå nederst på sida.)

Ei haustnatt i 2007 vart familien Tran i Vietnam vekt av at vatnet steig og steig inne i huset deira. Mamma Tran Thi Thu Thuy, pappa Tran Viet Dung og dei fem barna deira måtte flykte frå heimen sin i hui og hast.

– Vatnet kom så fort, og eg vart veldig redd, fortel den eldste dottera, Trinh. Faren i familien tenkte berre på éin ting: å redde barna sine. Han kom seg ut i vatnet og førte familien til ein trygg stad, ut av huset og til eit område som ligg høgare. Familien Tran overlevde, men heimen deira vart øydelagd og dei mista mange av eigedelane sine. I to månader, medan dei venta på at vatnet skulle søkke igjen, måtte dei bu i eit skur av plast og bambus. Mat, reint vatn og helsa til barna vart noko dei måtte uroe seg for i det daglege.

– Det var ei vanskeleg tid for oss, fortel Thuy. – Barna var små, og eg var svært uroleg. Vi hadde ikkje mat,

og eg måtte låne ris av naboen. I to månader åt vi ikkje anna enn ris med krydder, seier fembarnsmora.

Trygg hems

I september 2009 vart Vietnam på nytt råka av storflaum, i kjølvatnet av tyfonen Ketsana. Men denne gongen slapp familien Tran å flykte frå huset sitt. Denne gongen stod dei rusta til å møte flaumen.

Som éin av mange familiar i nærområdet har familien Tran fått stønad av Kirkens Nødhjelp til å bygge eit nytt og flaumsikkert hus i mur og betong. I stova er det ein hems i taket. Her kan familien lagre matvarer, og når vatnet stig på ny, er vegen kort til ein trygg stad. Dottera Kim på fem klatrar opp stigen i raske byks og demonstrerer kva ho skal gjere dersom det kjem ein ny flaum. Der oppe kan ho og resten av familien sitje til hjelpa kjem.

Fleire og større flaumar?

Dei fleste forskarar er i dag einige om at meir kraftig nedbør er eit teikn på global oppvarming med årsak i menneskeskapte klimagassutslepp.

– Vi bur i eit lågtliggjande område og er vande med mykje vatn i regntida. Ein vanleg flaum hevar kanskje vass-standen med 30–40



Kim og mamma Thuy klatrar opp på hemsen.

Foto:Kirkens Nødhjelp

cm. I 2007 kom éin meter med vatn, som vart ståande i to månader. Det er uvanleg, stadfestar Dung.

Konsekvensane av klimaendringane har ført miljø- og klimaspørsmåla høgt opp på den politiske agendaen i Vietnam. Regjeringa nemner sjølv landet som eitt av dei mest sårbare når det gjeld klimaendringar. Familien Tran

må truleg førebu seg på fleire og hyppigare flaumar i framtida.

Ta godt imot bøsseberarane når dei banker på døra di!

Du kan også støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (200 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

Ny påskesalme

Einar Magne Straume på Dale skreiv i fjor ei ny julesalme, som mellom anna fekk merksemd i lokalavisene våre. Salma vart sunge i fleire høve ved juletider. Men Einar Magne stoppa ikkje der.

– Det kjendes naturleg å halde fram med å skrive ei påskesalme, og ho har eg arbeidd med no i vinter, seier han, og held fram: - Eg ville laga ei tradisjonell salme, som skulle ha mykje glede i seg.

Då teksten var ferdig, skulle melodien på plass, og det gjekk ganske raskt. Så no er påskesalma ferdig, og vil bli sunge i gudstenestene i Vaksdal påskehelga.



Einar Magne Straume, felemakar og salmediktar på Dale.

Foto: Esben Hesjedal

Livet sigra over døden,
halleluja, halleluja.

Synd er sona, bøtt er brøden,
halleluja, halleluja.

Jesus Krist for oss oppstod,
midt i påskemorgon god.

Han som laut på krossen lida,
halleluja, halleluja.

Bar vår skuld og all vår kvida,
halleluja, halleluja.

Vann oss livet påskedag,
døden dømd til nederlag

Syng med jubel, syng med
gleda,

halleluja, halleluja.

Takk og lov i tid og æva,
halleluja, halleluja.

No vår frelsars nådesol
Strålar i frå himlens pol.

Einar Magne Straume, 1. mars 2010

Lokale folketonar i Eksingedalen kyrkje

Religiøse folketonar frå Mo- og Eksingedalen står på programmet når Kjersti Wiik held konsert i Eksingedalen kyrkje 11.april. Med seg har ho Modalskoret, som ho er dirigent for, og kantor Olav Arne Steinkopf.

Kjersti Wiik har sjølv samla inn over 700 folkesongar frå traktene rundt Bergen, og har gjeve ut delar av innsamla materiale på 3 CDar. Wiik har turnert mykje med folketonar rundt omkring i Hordaland fylke. Til konserten i Eksingedalen har ho og henta ut songar frå Arne Bjørndal samling ved Universitetet i Bergen. Desse tonane samla Bjørndal inn i

Eksingedalen på 1930-talet. Mellom anna vil organisten og Wiik framføra tonar etter Johannes A. Lavik og Magnus Vetlejord.

Korsongane er også delvis henta frå vårt eige område og Frank Kvinge frå Masfjorden har arrangert dei vakre perlene for 4-stemmig kor. Det finnes mange flotte gamle religiøse folketonar frå vårt nærrområde, og desse må gjevast liv slik at folk får høyre dei igjen. Publikum vil også få høyra folketonar til tekstar av Petter Dass arrangert for kor av B.A.Drage.



Kjersti Wiik.

Nytt i dåpssakristiet på Dale



Styret for kyrkjeforeninga prøver den nye sitjegruppa. Frå venstre: Eli Kringlebotten, Anne S Hol og Oddveig Straume.

I haust vart dåpssakristiet i Dale kyrkje fornya. Det er kyrkjeforeninga på Dale som står bak dette. - Dei gamle møblene var falma, flekkete og ganske utsletne. Me ynskjer at sakristiet skal vere ein triveleg stad å koma til for dåpsforeldra,

seier Oddveig Straume i kyrkjeforeninga. Sitjegruppe med sofa, stol og to bord er det som er kome på plass i sakristiet, det same er eit vitrineskåp og ein skjenk. I tillegg har det kome opp nye gardiner. Dei to lampettane er res-

taurerte og hengt opp att, men no utan lampeskjermar. - Dei gamle lampeskjermar var det svidd hol i. For å unngå at det skjer fleire gonger, har me ikkje sett på nye skjermar, seier Oddveig. - Møblene vart handla inn hjå

Møbeltreff i Åsane, og me betalte kr. 40000 for heile stasen, seier ho vidare.

Kyrkjeforeninga sit på oppsparte midlar frå den tida då kyrkjeforeninga på Dale var aktiv med å samle inn pengar, og har dei siste åra bidrege til betaling av ulike prosjekt i kyrkja. Dei gav 60.000 til reperasjon av orgelet og 50.000 til nytt flygel i kyrkja, var med på finansieringa då våpenhuset vart oppussa, og kjøpte inn dei 8 jærstolane som kom i kyrkja til jubileet i 2006.

I tillegg har foreninga teke på seg å halde orden på dei nærare 100 konfirmantkappane i kyrkja, og to gonger i året syter dei for at kyrkjesyivet vert pussa. Det har vore liten aktivitet i foreninga dei siste åra, men styret ynskjer med tida å få til samlingar med jamne mellomrom. I styret for foreninga har Oddveig Straume med seg Anne S Hol og Eli Kringlebotten.

Sakristi

- Frå middelalderlatin: sacristia, «som har med dei heilage ting å gjøre», eit rom i kyrkja som ligger i tilknytning til koren. Dette rommet er nytta til å oppbevare alterbøker, messeklede og heilage kar, og er omkleddings- og opphaldsrom for presten. Rommet kan og nyttast til kyrkjelege handlinger som ikke er offentlige. (Wikipedia).

I mange kyrkjer er det og eige dåpssakristi, ein stad der dåpsborn og foreldre kan vere før og etter dåpen.



Vitrineskåp og skjenk.

Vitjing frå Nepal

I slutten av januar vart Vaksdal vitja av ein av Tibetmisjonen sine samarbeidspartnarar i Nepal, Bhupendra KC.

Han arbeider i Kathmandu International Study Centre (www.kisc.edu.np), og er med i Tibetmisjonen sitt prosjekt Lærarløft. Gjennom å auke kompetansen til lærarar og førskulelærarar er dei med på å gje 700 000 born høgare kvalitet på undervisninga, skriv dei på heimesida si (www.tibetmisjonen.no). Fleire av sokna i Vaksdal fornyar i desse dagar sin samarbeidsavtale med Tibetmisjonen, og vil gjennom mellom anna forbøn og takkoffer i gudstjenestene støtte dette arbeidet.

Bhupendra KC fotalte og viste bilete frå dette pro-



Kari Bø og Frode Kvamsøe følgjer godt med når Bhupendra KC forteljer. Foto: Kjartan Gullbrå

sjektet, eit arbeid som vert veldig godt teke imot i skulane i Nepal. Samlinga

på Vaksdal fann stad heime hjå Elisabeth og Kjartan Gullbrå, som fram til

sommaren 2008 var misjonærar i Nepal.



Tibetmisjonen

MISJONSBASAR

**i Bergsdalen kyrkje
laurdag 17. april kl.15.00**

Kyrkjelyden er engasjert i Tibetmisjonen sitt arbeid pengane som kjem inn går til deira arbeid i Nepal. Kjartan og Elisabeth Gullbrå vert med på basaren.

Arr: Bergsdalen sokneråd

Misjonskonferanse på Vaksdal

På Vaksdal arbeidar me for å få til ein misjons- og evangeliseringskonferanse i Pinsehelga. Det vert Felles Høgtidsgudsteneste i Vaksdal kyrkje, og vi vil komme med nærare informasjon seinare om tidspunkt for samlingane på Vaksdal bedehus. Med denne notisen ynskjer me berre at så mange som råd kan sette av tida.

I nyare tid krysser evangeliefremidlinga grenser

på ei heilt anna måte enn tidlegare. Misjon går ikkje lenger bere frå nord til sør, og vest til aust. No gjeld "Frå alle til alle", og me i Norge og Europa kan se misjonærar til våre land frå Afrika og Korea. Kva skjer i dag ute og heime?, og Kva tyder det for korleis me arbeidar i framtida, også lokalt? vil vere tema for konferansen. Me vonar på bidrag frå mange ulike hald.

Edvard Bø

Lys Vaken i Dale kyrkje

15 born overnatta i Dale kyrkja siste helga i januar, under overskrifta Lys Vaken.

Det var årets 11-åringar i soknet som var inviterte til å vere med på opplegget, som var skipa til i samband med at kyrkjelyden delar ut Nytestamente til dei som er i det årskullet.

På programmet sto omvisning og oppdagingsferd i kyrkja, førebuing til og deltaking i gudstenesta sundag, høgtlesing og leik. Mat høyrer jo og med, og kan hende var det fyrste gong nokon åt pizza i midtgongen i Dale kyrkje?

Trass i namnet, var det

ikkje meininga at ein skulle vere vaken heile natta! For å kunne vere vaken og i aktivitet når det trengs, er det naudsynt med kvile. Spør berre idrettsutøvarane om ikkje det er slik! Så alle i kyrkje sov etter kvart om natta – i alle fall nokre timar. Gutane fekk plass oppe på galleriet, like ved orgelet. Jentene sov i koren.

Somme ville aller helst ha madrassan innanfor altarringen, men fekk ikkje lov. For kyrkja er ei hus som ein skal få kjenne seg heime

og trygge i, men samstundes ha age fort. Trass i mange protestar fann 11-åringane seg til slutt i at dei ikkje kunne sove kor dei ville, og heller ikkje leike og springe kor dei ville. Men

det verka som dei likevel kjende seg heime i kyrkja!

Det var Dale sokneråd som sto bak arrangementet den helga, og som på det viset sjølv fekk seg ei overnatting i kyrkja!



Eirik og Tiril i fengsel under preikestolen.



Samling i altarringen.



Frukost bak i kyrkja.



Halvar, Victoria, Tiril og Oda på?, oppdagingsferd under sakristiet.



Marie-Brit les høgt.

Familiefest i barnkora

Stamnes barnekor inviterte til familiefest saman med Stanghelle/Dale barnesongkor søndag den 24. januar. Dyktige medarbeidarar laga eit flott arrangement.



Over: Kantorane vart kruna til Kong Flygel og Dronning Song. Foto: Liv S. Stamnes

T.H.: Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor syng saman. Foto: Liv S. Stamnes



Kilden i Oslo

Midt i februar reiste songglade Kilden til Oslo for å delta på konsert i Misjonssalen. Mange var forventningsfulle til å skulle få vere med og framføre dei nyskrivne songane til Olav Arne Steinkopf. Han har sidan august 2009 arbeidd med å skrive nye melodiar til Trygve Bjerkrheim sine tekstar. Bjerkrheim som har skrivne over 15000 dikt har etterlate seg nok å ta av. I tillegg til å skrive nye melodiar har Olav Arne sjølv sagt arrangert desse ut på ein utfordrande og spennande måte for koret og for bandmusikarar. Musiksjangeren må seiast å vere jazz, men med utruleg variasjon og breidde innanfor dette feltet. Kan nemne jazz-vals, latin, funk... ja og så har han i tillegg omarrangert kjende melodiar i ny drakt eller skal ein seie ny takt!

Å ta med seg alt dette til



Kilden i Oslo.

Oslo og Misjonssalen var kjekt og spennande. Tilhalds- og øvingsstaden var Fjellhaug

Misjonssambandet sin høgskule. Fjellhaug er på ein måte Bjerkrheims høyborg der han i mange år verka som lærar – og han møtte oss med sitt blikk frå portrettet i det me gjekk inn i øvingsalen på Fjellhaug.

er her i Vaksdal kjend som rapparen i frå "Rykte om englar" musikalen med konfirmantane i 2001.

For mange av oss var det kjekt å få møte musikarane som mellom anna var Frøydis Grorud kjend frå "Beat for Beat" på fredagsgullrekka. Saman med Jan Olav Renvåg på bass og Jan Inge Nilsen (Jango) var dei eit glitrande lag å ha med seg saman med vår eigen jazzpianist Olav Arne Steinkopf.

Ei flott oppleving å få vere med i eit slikt samspel med dei flotte tekstane til Trygve Bjerkrheim!

OG NO KJEM DETTE TIL VAKSDAL!!!

Søndag 9. mai vert det konsert med dei same songarane og musikarane i Dale kyrkje. Med Bjerkrheim tekstar og Olav Arne sin musikk.

Tilrådinga er klar: Set av kvelden!!

Konserten skulle gjerast saman med studentane på MU der initiativtakar Irene Strøm er lærar. Det var ho som saman med Bjerkrheims vener stod bak arrangementet og som hadde engasjert Olav Arne til oppgåva.

Med på konserten var solistane June Baarøy Myhrstad og Ole Strøm. Ole

Konfirmantane på Alpha-kurs



Frå samlinga i Bergsdalen.



Håkon Kinsarvik underviser

Opplegget for konfirmantane har sidan i november vore eit såkalla Alpha-kurs. Eit Alpha-kurs er eit "grunnkurs" i kva den kristne trua handlar om. Samlingane har fulgte eit fast mønster:

Undervisning, måltid og gruppesamtale, og 10 torsdagskveldar har gått med til dette. For å utjamne reise- mengda, har staden for kurskveldane alternert mellom alle sokna konfir- mantane kjem frå. Kurset

vart avslutta med ei helg no i mars. Det vil seie: Helga vara eit dygn frå laurdag ettermiddag. Opprinneleg skulle ein då vore samla på Bergsdalen skule. Men grunna frose vatn måtte ho flyttast til Vaksdal bedehus. Overnattinga var på Vaksdal skule.

Dei omlag 40 ungdomane som skal konfirmerast i kyrkjene på Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Stamnes har vore saman om dette, og omlag 20 vaks-

ne har vore med som leiarar. Leiarane har og vore fra kyrkjelydar utanfor Den norsk kyrkja, og Alpha-kurset har såleis hatt eit fint økumenisk preg over seg.

Undervisninga er det Margot-Helene Roslvold, Håkon Kinsarvik, Kjartan og Elisabeth Gullbrå, Eidrun S Normann og Edvard Bø som har teke seg av. Dette har vore tema for samlingane:

- Kven er Jesus?
- Kvifor døydde Jesus?

- Korleis kan eg vite om eg er ein kristen?
- Kvifor/ korleis skal eg lese Bibelen?
- Kvifor og korleis skal eg be?
- Korleis kan eg stå imot det vonde?
- Korleis leier Gud oss?
- Kvifor og korleis fortelje til andre?
- Lækjer Gud i dag?
- Kva med kyrkja og kvifor gå på gudsteneste?
- Den heilage ande (helgesamlinga)

Mange giftarmål



2010 ser ut til å verta eit rekordår når det gjeld tal på giftarmål i sokna våre. Så langt er det 16 par som har bestilt vigsel dette året. Til samanlik-

ning har me dei siste åra hatt følgjande vigselstal:

2009: 11
2008: 9
2007: 7
2006: 6
2005: 6

Dei siste 10 åra har me hatt eit snitt på 7,6 giftarmål i året.

Skulle dette inspirera fleire til å gifta seg, er de velkomne til å kontakta kyrkjekontoret.

Konfirmantjubileum hausten 2010

DALE KYRKJE 10. okt. kl. 11.00

50- og 60-årskonfirmantar

VAKSDAL KYRKJE 17. okt. kl. 11.00

50-årskonfirmantar

STAMNES KYRKJE (dato ikkje fastsett)

50-årskonfirmantar

Leigesatsar og satsar for utgiftsdekning

I samsvar med kyrkjelova §20 vert det kravd leige av kyrkjene til dekning av utgifter. Satsane skal, og er, godkjente av bispedømerådet. Når det gjeld pkt 1 og 2 vert det ikkje kravd leige når det er soknerådet eller fellesrådet som er tilskipar. Bryllaup og gravferd for medlemmar i Den nordke kyrkja, og som bur i kommunen, kostar ikkje noko.

Vaksdal kyrkje vert ofte brukt som lokale for plateinnspelningar, grunna akkustikken, difor har me sett opp leigesatsar for dette.

Pkt:	Aktivitet:	Satsar i 2010
1	Leigesats for konsert, med billettinntekter	Kr 800,-
2	Leigesats for konsert, med billettinntekter, der kyrkjetenar/organist er til stades og arbeider	kr 1 500,-
3	Bryllaup for utanbygds par, eller gravferd, heilt utan vår medverknad	kr 800,-
4	Bryllaup for utanbygds par, eller gravferd, med vår medverknad	Kr 2 300,-
5	Til innspeling av plater, utan vår medverknad, pr dag	kr 500,-
6	Til innspeling av plater, med vår medverknad, pr dag	kr 1 500,-
7	Graving av grav for avlidne ikkje busett i kommunen (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	kr 6 000,-
8	Graving for nedsetting av urne, avlidne ikkje busette i kommunen	kr 1000,-

Kyrkjeleg årsstatistikk 2009

Statistikken viser delar av den lov-pålagte verksemda til Den norske kyrkja i Vaksdal. Det er i tillegg konfirmantundervisning, korarbeid, dåpsamtalar, skulebesøk, barnehagebesøk, soknebod og sørgjesamtalar. Kyrkjene og kyrkjegardane skal drivast, og haldast vedlike, og det vert utført ymse administrative rutinar som høyrer med rekneskap, arkivering og personaladministrasjon.

Sokna sine aktivitetar er omtalte i dei einskilde årsmeldingane.

* Her er inkludert familiegudstenester

** Her er med gudsteneste på julaftan

	Alle Sokna 2009	Alle Sokna 2008	Alle Sokna 2007	VAKSDAL	DALE
Innmelde	1	0	0	0 (0)	0 (0)
Utmelde	4	6	6	2 (2)	0 (3)
Døypte	52	49	46	16 (18)	21 (15)
Konfirmantar	54	56	55	10 (13)	23 (23)
Giftarmål	11	9	7	2 (8)	4 (1)
Gravferd	49	70	63	18 (13)	23 (31)
Gudstenester *	114	122	120	28 (28)	30 (30)
Frammøtte	7290	7525	6928	2056 (2147)	2734(2415)
Gjennomsnitt	63	62	58	73 (77)	91 (81)
Familiegudst.**	28	33	20	5 (5)	7 (9)
Frammøtte	1527	1770	1082	404 (334)	428 (632)
Gjennomsnitt	55	54	54	81 (67)	61 (70)

	BERGS-DALEN	STAMNES	EIDSLAND	EKSINGE-DALEN	NESHEIM
Innmelde	0 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)
Utmelde	0 (0)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)
Døypte	1 (2)	10 (11)	0 (1)	2 (0)	2 (29)
Konfirmantar	6 (2)	9 (9)	2 (5)	4 (3)	0 (1)
Giftarmål	2 (0)	2 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (0)
Gravferd	0 (1)	7 (16)	1 (5)	1 (4)	0 (0)
Gudstenester *	10 (11)	20 (21)	9 (10)	9 (10)	8 (12)
Frammøtte	438 (431)	1254 (1255)	154 (302)	338 (429)	316 (546)
Gjennomsnitt	44 (39)	63 (60)	17 (30)	38 (43)	40 (45)
Familiegudst.**	3 (3)	5 (5)	4 (4)	0 (3)	4 (4)
Frammøtte	115 (100)	352 (338)	84 (104)	0 (114)	144 (148)
Gjennomsnitt	38 (33)	70 (68)	21 (26)	0 (38)	36 (37)

Auke i festeavgifta

Frå nyttår har kyrkjeleg fellesråd sett festeavgifta til kr 75,- pr år for ei grav. Avgifta vert kravd inn for ti år om gongen. Festeavgifta skal betalast når ein set av plass ved sida av ei ny grav, og når ei grav er eldre enn 20 år.

Frå gravferdslova, om festeavgift:

(bokmål)

§ 14. Feste av grav.

Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i kirkegårdens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift. Festerett til grav kan bare innehas av en person.

Festetiden skal ikke være lengre enn 20 år. Et feste kan fornyes dersom graven er holdt i hevd og fornyelse ikke vil vanskeliggjøre en forsvarlig drift av kirkegården. Kirkelig fellesråd skal utstede festebrev og anmerke dette i gravregisteret.

§ 15. Festerens rettigheter og plikter.

Festeren har rett til å bestemme hvem som skal gravlegges i graven og forsyne graven med gravminne samt ellers rå over den, om ikke annet følger av gjeldende bestemmelser. Festeren har plikt til å holde graven i hevd.

Dersom avdøde hadde festet egen grav, kan den som etter § 9 har rett til å sørge for gravferden, utøve de rettighetene som er nødvendig for å gjennomføre gravferden.

Kva er ein festar?

Den som vert ført opp som nærmaste pårørende eller som kontaktperson for familien til den gravlagte vert kalla festar. I dei fleste høva vert den som syter for gravferda spurt om kven som skal førast opp. Når vedkomande er registrert hjå oss, er det denne personen me tek kontakt med når det gjeld forhold som har med grava, gravsteinen eller festeavgifta å gjere. Om grava er gamal, og det er aktuelt å nytte den til ny gravlegging innan familien, er det festaren som må ta avgjerda. Dersom festaren gjev melding om at grava kan slettast, vert dette gjort. Rekning på festeavgift vert sendt til festaren. Difor er det viktig at familien er samd om kven som skal ha dette ansvaret.

Sletting av graver

Dersom ei grav er eldre enn 70 år, det vil seie frå før 1940, må ein søkje til fellesrådet om løyve til å behalde grava i nye ti år. Om ikkje, går den tilbake til kyrkjegarden. Det vil seie at den etter kvart vil verte brukt om att.

Visste du at ...

Det er reglar for storleik og utforming av gravminne? Breidda må vere under 85 cm, vekta under 300 kg, og det skal vere sikra med 2 boltar. I tillegg er det grenser for storleiken på blomebedet. Det skal ikkje vere breiare enn gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm målt frå baksida av gravminnet. Kyrkjevjerja kan fjerne gravminne som ikkje er godkjente.

8 mnd regelen:

Hugs at det ikkje er tillete å montere gravminne før tidlegast 8 mnd etter gravlegging.

Dette er fordi massane i grava vil setje seg, og gravminnet kan velte. I tillegg må gravminnet takast bort ved oppfylling og jamning av grava. Kostnadene med flytting av gravminne som er sett opp før fristen må betalast av festaren.

Ordning med sommarstell

Det er høve til å tinge stell av graver. Kyrkjelege fellesråd syter for planting av blomar om våren, og byter dei ut om sommaren dersom dei visnar. Plantane vert vatna og stelt til ein er komen ei tid utpå hausten. Me nyttar til vanleg stedmorsblomar om våren, for dei toler ei frostnatt. Seinare vert dei skifta ut med begonia eller tilsvarande. I tillegg til sommarstellet kan ei tinge kransar til jul. desse vert lagt på grava like før jul.

Ordninga var starta som eit tilbod til dei som ikkje sjølve hadde høve til å gå på grava, men som ynskte at grava skulle verte stelt.

Kostnadene med sommarstellet har variert litt, og i år ser det ut til at me må leggje til meirverdiavgift på rekninga.

Det finst to ordningar for sommarstellet.

Ein kan tinge sommarstell der ein får ei rekning kvart år, eller ein kan setje av midlar til stell for ein lengre periode. Det siste vert kalla fond. Då vert det opna ein konto i Sparebanken Vest, og ein set inn eit beløp på mellom kr 15 000,- og 25 000,- til dømes frå dødsbo. Stellet vert utført så lenge det finst midlar på kontoen. Dersom ein ynskjer å vite meir om dette, kan ein ta kontakt med kyrkjevjerja.



BLADPENGAR FOR 2010

Det er tid for å minna om bladpengar for Kyrkjebladet for Vaksdal. I bladet finn de ein giroblankett som kan nyttast. Bladet blir sendt til alle hushandar i Vaksdal og nokre ein-skilde abonnentar utanom. Det er frivillig om ein vil betala, men vi vonar sjølvsagt at flest mogleg vil støtta opp om kyrkjebladet vårt. Det er også høve til å gje ei gåve til bladet på same giroen.

BJERKRHEIM-JAZZ

med "Beat for beat"-
Frøydis

Konsert i Dale kyrkje søndag
9. mai kl 19.30



Tekstar av Trygve Bjerkrheim
tonesett og arrangert i "jazz-stil"
for kor, solistar og band av
Olav Arne Steinkopf.



Medverkande: "Fjellhaug vokalensemble",
koret "Kilden", Frøydis Grorud - fløyte/saksofon, Jan Inge
("Jango") Nilsen - trommer, Jan Olav Renvåg - bass, Ole
Strøm - song, Irene Strøm - diktlesing, Olav Arne
Steinkopf - tangentar. Dirigent er Tone Synnøve Øygard
Steinkopf.

Orgelresitasjonar i påska

Orgelresitasjon er ein minikonsert med musikk til
ettertanke, knytt til påskehøgtida.
Konsertane byrjar ein halv time før gudstenesta.

STAMNES KYRKJE

1. april – Skjærtorsdag kl.16.30 v/ Olav Arne Steinkopf

DALE KYRKJE

1. april – Skjærtorsdag kl.19.30 v/ Olav Arne Steinkopf

EIDSLAND KAPELL

2. april – Langfredag kl.16.30 v/ Asbjørn Nese

VAKSDAL KYRKJE

2. april – Langfredag kl.19.30 v/ Tone Synnøve Øygard
Steinkopf


Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider - kr. 250,-.

Kan kjøpast i butikkane på
Lavik. Kan òg kjøpast hjå
boknemnda: Albert Gullbrå,
Nils N. Nesheim og
Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)


Jubileumsskrift for Bergsdalen
kyrkje 50 år. 220 sider - kr 300,-
Kan kjøpast her:

Dale: Gyda og Mix
Bergsdalen: Hjø medl. i
soknerådet og i kyrkja



Kyrkjestaden Dale 100 år
(1996)

104 sider – kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja
(1986)

239 sider – kr. 50,-.



Vi sest 23. mars!

(noen lokale variasjoner)

Naturkatastrofar råkar alltid dei fattige hardest.
Innsatsen vår den 23. mars kan redde liv neste
gong katastrofen råkar.

Støtt aksjonen!

Givartelefon **820 43 033** (100kr)
Kontonummer **1594.22.87493**



KIRKENS NØDHJELP-
AKSJONEN // 2010

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

 SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting


STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



- ein lokal medspelar



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

SÆTERDAL
ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-
tenester, også varmpumper.
Tlf. 56 59 43 00

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

17.01.2010 Wiljan Tvedt
31.01.2010 Mari Hesjedal-Johannessen
28.02.2010 Ragnhild Solberg

Bergsdalen

06.12.2009 Marius Pettersen

Stamnes

26.12.2009 Glenn Stefan Jensen
26.12.2009 Elias Hvidsten Hesjedal

Eidsland

31.01.2010 Tilde Vik Kaland

Vaksdal

25.12.2009 Glenn Severin Andersen Vinsrygg
25.12.2009 Markus Andre Andersen Vinsrygg
25.12.2009 Jonatan Ulveraker
07.02.2010 Mathea Kjøndal Fauske



VIGDE

Dale

09.01.2010 Trine Olsnes og Arild Sellevold Soltvedt

Bergsdalen

06.12.2009 Karianne Kallestad og Sjur Atle Pettersen



DØDE

Dale

12.11.2009	Lilly Fykse	f. 1923
29.11.2009	John Sæterdal	f. 1912
15.12.2009	Thorvald Langhelle	f. 1921
24.12.2009	Agnes Marlene Bøttcher Jordal	f. 1942
29.12.2009	Gunnar Ulveseth	f. 1945
10.01.2010	Knut Torkild Hesjedal	f. 1943
16.01.2010	Jenny Eide	f. 1916
06.02.2010	Marta Hvidsten	f. 1911
28.02.2010	Aud Marie Lilleskare Veka	f. 1931

Eksingedalen

11.12.2009	Reidunn Høvik Flatekval	f. 1925
------------	-------------------------	---------

Stamnes

22.11.2009	Håkon Herlaug Gullbrå	f. 1932
20.12.2009	Nils Kallestad	f. 1925
13.01.2010	Marta Vassenden	f. 1922


Vaksdal

19.11.2009	Kjellfrid Olsnes	f. 1926
10.12.2009	Brita Stammeshagen	f. 1917
22.12.2009	Normann Knutsen	f. 1933
23.01.2010	Arthur Skreien	f. 1916
25.01.2010	Gard Kristian Audestad	f. 1981
29.01.2010	Svanhild Bruvik	f. 1913
29.01.2010	Normann Torkilsen	f. 1925
01.02.2010	Marie Berge	f. 1912 (gravlagd Bolstadøyri)
07.02.2010	Margit Eikum	f. 1919
13.02.2010	Irena Jolanta Laskowska	f. 1960
12.02.2010	Ivar Stürtzel	f. 1920

Dei ti Guds bod

7. Du skal ikkje stjela.

Det tyder: Vi skal ottast og elska Gud, så vi ikkje tek noko frå nesten vår eller narrar det frå han, men hjelper han til å verja det han eig, og betra sine kår.



VELKOMEN TIL KYRKJA**Sundag 21. mars**

MARIA BODSKAPSDAG Sal. 113

DALE KYRKJE kl. 18.00. UNG MESSE. Frode Kvamsøe, Edvard Bø og konfirmantane. Offer til Alpha Norge.**Sundag 28. mars**

PALMESUNDAG Joh. 12,12-24

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Dåp. Offer til Tibetmisjonen.**NESHEIM KYRKJE** kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Dåp. Offer til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.**BERGSØYANE, BERGSDALEN** kl. 12.30. Sportsandakt. Frode Kvamsøe.**Torsdag 1. april**

SKJÆRTORS DAG Joh. 13,1-15

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Nattverdsgudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.**STAMNES KYRKJE** kl. 16.30. Orgelresitasjon.**STAMNES KYRKJE** kl. 17.00. Nattverdsgudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens SOS.**DALE KYRKJE** kl. 19.30. Orgelresitasjon.**DALE KYRKJE** kl. 20.00. Nattverdsgudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Kyrkjebøssa.**Fredag 2. april**

LANGFREDAG Mark. 14,26-15,37

EIDSLAND KAPELL kl. 16.30. Orgelresitasjon.**EIDSLAND KAPELL** kl. 17.00. Pasjons gudsteneste. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Kirkens SOS.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.30. Orgelresitasjon.**VAKSDAL KYRKJE** kl. 20.00. Pasjons gudsteneste. Frode Kvamsøe.**Sundag 4. april**

PÅSKEDAG Joh. 20,1-10

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Søndagsskolen Bergen krets.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø.

Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Sundag 11. april

1. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 21,1-14

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Opne Dører.**Sundag 18. april**

2. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 21,15-19

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

STAMNES KYRKJE kl. 19.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Sjømannskyrkja.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til

NKSS Region vest.

Sundag 25. april

3. SUNDAG ETTER PÅSKE Joh. 14,1-11

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe. Offer til

konfirmantarbeidet.

Laurdag 1. mai

1. MAI Luk. 6,31-35

VAKSDAL KYRKJE kl. 09.30. Høgmesse. Edvard Bø. Offer til Kristne Arbeidere.**DALE KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Dale Mannskor. Offer til Kristne Arbeidere.**Sundag 2. mai**

4. SUNDAG ETTER PÅSKE Jes. 1,18-20

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe. Dåp. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.**VAKSDAL KYRKJE** kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø. Offer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.**Sundag 9. mai**

5. SUNDAG ETTER PÅSKE Matt. 6,6-13

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet i Nepal/Tibetmisjonen.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø. Offer til

konfirmantarbeidet.

Torsdag 13. mai

HELGETORS DAG Apg. 1,1-11

STAMNES kl. 12.00. Friluftsgudsteneste. Edvard Bø.**Måndag 17. mai**

17. MAI Joh. 12,35-36

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Høgmesse. Edvard Bø. Offer til

Sjømannskyrkja.

DALE KYRKJE kl. 10.30. Høgmesse. Tor Øystein Holm. Offer til Kristen Idrettskontakt-KRIK.**EIDSLAND KAPELL** kl. 12.30. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.**STAMNES KYRKJE** kl. 12.30. Familiegudsteneste. Tor Øystein Holm.

Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 23. mai

PINSEDAG Joh. 14,15-21

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste. Edvard Bø og Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.**BERGSDALEN KYRKJE** kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Frode Kvamsøe.

Offer til Opne Dører.

Sundag 30. mai

TREEININGSSUNDAG Matt. 28,16-20

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Edvard Bø. Offer til Fagertun leirstad.**BERGSDALEN KYRKJE** kl. 13.00. Konfirmasjon. Frode Kvamsøe.

Offer til Fagertun leirstad.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø.

Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter. Stanghelle/Dale barnesongkor. Kyrkjekaffi.

Sundag 6. juni

2. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 12,13-21

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Leger Uten Grenser.

VED FITJAVATNET, VAKSDAL kl. 12.00. Fitjivasstemna. Audun Aase.**Sundag 13. juni**

3. SUNDAG ETTER PINSE Luk. 19,1-10

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.**STAMNES KYRKJE** kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd.

Offer til Trafikkskadde.